

Fleire merknader til turistprosjektet

12.02.2016



Området langs elva skal nyttast

Det er sendt inn fleire merknader til kommunen om turistprosjektet til Geir og Elin Enes ved elva nedanfor bruа. E & M Holding har som ved 2 høve tidlegare synspunkt på saka. Det er i eignskap av eigar av tilstøytae eigedomar. Alf Eidsvik skriv såleis at situasjonsplanen gjev liten detaljinformasjon om kva som skal gjerast opp mot tilstøytae grenser.

Han viser til at dei har tilkomstveg på eigedomen sin inn mot grensa til eigedom 131/3 og har tidlegare peika på at denne ikkje skal berørast på nokon måte. Kravet om avstandar mellom bygg og grenser må oppretthaldast i høve til gjeldande krav.

Han ber også om orientering om korleis avkøyrsla mot elva er tenkt.

Geir Enes opplyser mellom anna at det langs grensa mot E & M Holding sine eigedomar er tenkt eit leikeområde for born. Det er forsøkt teikna ei vippe, ein sandkasse og eit dissestativ som døme på kva som kan vera aktuelt.

Søknaden inneholder ingen endringar på avkøyrsla. Ein skal nytte godkjent avkøyrsle som vist i reguleringsplanen.

Det er no 5 år sidan den nye reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen vart vedteken. Det området som no skal nyttast er det dyrka området langs elva. Vegar vil vera opparbeidd og nødvendig teknisk nett lagt i grøfter i bakken.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen